



# Det Norske Totalavholdsselskap

Postadresse: Postboks 8885, Youngstorget, 0028 Oslo

## Uttale om "Forslag til endringer i alkoholloven"

### 1. Innleiing

Sentralstyret i Det Norske Totalavholdsselskap (DNT) har drøfta høyringsnotatet om revisjon av alkohollova.

DNT vil gje uttrykk for uro over det aukande alkoholforbruket og den liberaliseringa vi er vitne til i samband tildeling av nye sals- og skjenkeløyve. Alkoholnæringa har vore pågåande i å invadere alle deler av det offentlige rommet med alkoholsal og -skjenking. Vi konstaterer at sosiale og helsemessige perspektiv blir sette til side til fordel for reint næringspolitiske problemstillingar i den lokale alkoholpolitikken. Ja, nokre kommunar brukar aktivt det å auke talet på sals- og skjenkeløyve og utvida opningstider som eit næringspolitisk verkemiddel.

Vi treng ei alkohollov som tek vare på den regulerte og politisk styrte alkoholmarknaden. Det er difor med glede vi konstaterer at regjeringa ikkje vil endre hovudlinene i alkoholpolitikken

### 2. Kommenterarar

1. Vi er nøgde med at kommunane framleis vil vere pålagde å utarbeide alkoholpolitiske handlingsplaner. På bakgrunn av røynsler vi er blitt kjende med frå lokalpolitikken vil vi understreke at planane må ha formålsformuleringar som er i samsvar med nasjonale alkoholpolitiske mål. Det er viktig at dette kjem klart fram – helst gjennom lovteksten – men i alle høve i dei retningslinene departementet gjev for korleis kommunane kan utarbeide slike planar.
2. DNT er glad for at departementet vil halde oppe forbodet mot alkoholreklame.
3. DNT meiner at ordninga med kontrollutval framleis må vere lovpålagt.
4. Vi meiner at den alkoholpolitiske basisen for Vinmonolet må styrkast. Dette må vere eit vilkår for at Landsplan for Vinmonopolet skal kunne avviklast, slik at avviklinga ikkje blir oppfatta som klarsignal til å opprette fleire utsal og til ytterlegare marknads- og fortenesteorientering.
5. DNT stør forslaget om å gje høve til å setje vilkår for å oppretthalde løyve etter regelbrot. Vi trur dette vil kunne få fleire kommuner til meir aktivt å gjere bruk av sanksjonsmulegheitene.
6. Avgifter for sals- og skjenkeløyve må fastsetjast etter omsetnad. Inntektene av desse avgiftene må brukast til å styrke alkoholfrie serveringsstader og rusforebyggjande tiltak elles.

Det Norske Totalavholdsselskap

*Harald Dyrkorn*  
Harald Dyrkorn / generalsekretær

**Besøksadresse**  
Torggata 1, 0181 Oslo

**Telefon**  
2321 4570

**Telefax**  
2321 4551

**Bankgironr.:**  
1870.09.15480

**org.nr.:**  
944 438 599

**Internett**  
[www.dnt.no](http://www.dnt.no)

**E-post**  
dnt@dnt.no

Sosialdepartementet

Vedlegg

S.nr. 200302846 - 64